

# Desentralisert sjukepleieutdanning

Status og vegen vidare

*Sognatinget 04.04.2022*

Svein Arne Skuggen Hoff  
strategisk rådgjevar

# Bakgrunn for prosjektet

## **Auka kommunalt ansvar:**

- Samhandlingsreforma, eldrebølga, større legevaktdistrikt
- Medfører auka behov for kompetanse

## **Sjukepleiarmangel:**

- Landsbasis: 7000, Vestland: 725 pr sept. 21
- 2030: NSF: vil mangle 25 000
- 2035: SSB: vil mangle 28 000

**Kommunalt problem, nasjonalt problem,  
samfunnet sitt problem**

**Utdanningssystemet er heilt sentralt**


# Innhald og mål med prosjektet

- Sogn regionråd har sidan hausten 2019 arbeidd systematisk og målretta for at kommunalt tilsette skal byrja på desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Prosjektet er vidareført med ny felles koordinator for kommunane i Sogn
- Sogn regionråd vil styrke innsatsen og kapasiteten på påverknadsarbeidet for og sikre gode råmer for deltidsutdanning i sjukepleie.
- Dette inneber eit strategisk arbeid mot dei som sit med makt til å gjennomføre endringar, for å gjere deltidsutdanning i sjukepleie meir desentral, fleksibel og betre tilrettelagt ut frå det lokale behovet.

# Korleis jobbar vi med den strategiske delen?

- Styrke argumentasjons- og kunnskapsgrunnlag
- Synleggjera utfordringar og moglege alternative og løysingar
- Engasjere andre støttespelarar med same behov (kommunar, regionråd) – «*Saman er vi sterkare*»
- Etablere systematisk dialog med HVL, VFK, Helse Førde/Vest, Statsforvaltaren, KS, departement (KDD, KUD, SHD) – for å fremme kommunane og regionen sine interesser.
- Viser samfunnsmåla dei har forplikta seg på. Døme: *Høgskulelova: «Samarbeide med relevante aktørar på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å styrke verksemda sin kvalitet og relevans.»*


**KVIFOR?**



**KVA?**

**KORLEIS?**





## Mål

Måla for prosjektet er satt i høve den rolla kommunane kan ta som ein aktiv samfunnsaktør.

Måla er konkrete og knytt til dei konkrete endringane vi ynskjer:

- Gode ordningar for desentralisert utdanning som sjukepleiarar
- Tilgang til fleire kvalifiserte sjukepleiarar i kommunale helsetenester




## Effektar

Tiltaka i prosjektet er knytt til skape ein definert/spesifikk effekt.

Viktig å konkretisere desse effektane for å skape forståing for kvifor vi t.d. må gjere endringar:

- Større forståing og aksept hjå andre aktørar for endringar
- Desentraliserte tilbod er tilpassa persongruppa som ynskjer å vidareutdanne seg
- Fleire får lyst til å bli sjukepleiarar
- Fleire som startar på studiet fullfører
- Kostnadane ved leige går kraftig ned
- Større motivasjon for å bli sjukepleiar



## Meirverdiar

Meirverdiar er dei behova samfunnet har og som vi meiner prosjektet skal bidra til å dekke:

- Gode og trygge lokalsamfunn
- Lokalsamfunn med høg blilyst
- Gode helsetenester i heile landet
- Fleire flyttar til kommunen/ynskjer å bu der




# NYSKAPANDE SAMFUNNSUTVIKLING

STRATEGISKE FØRINGAR  
PARALLELE PROSESSAR

INSPIRASJON OG MOTIVASJON

VISJON



Illustrasjon: Oneflow prosessmodell®

# Kva for konkrete punkt vil vi endre?

- Innhaldet og lengda på norskfaget i yrkesretta studieførebuande løp
- Nettbasert/digitale studietilbod (studieførebuande og som del av utdanninga/støtteundervisning)
- Betre tilrettelegging og organisering av undervisninga (gjennomføringsplanane)
- Endre krav til praksis før opptak (2 år full tid)
- Forsterka fokus på praksis med rettleiing i gjennomføringa av studiet
- Korleis styrke tilgang på og kompetanse hjå rettleiarane

# Framdriftsplanen

<b>E. Tiltak for endring og forbedring av utdanninga.</b>	<b>2022</b>
Fylkeskommunen om digital undervisning	Mars/april
Statsforvaltaren – initiativ om auka utdanning av helsepersonell.	Mars/april
Arbeide for redusert praksistid før opptak	April/mai
Organisering av undervisning.	Ikkje sett
Arbeide mot sentrale myndigheiter(KD, HOD) med karaktergrunnlag for inntak. T.d. jobbe politisk mot utdanningsminister/ kommunalminister med fokus - mangel på sjukepleiarar	Mars/juni